

# Utbetring av private avløpsanlegg

## Kvifor det er viktig å ha reglar for reinsing av avløpsvatn

Vatnet frå avløpsreinsanlegg inneheld stoff som kan skade botndyr og fisk, føre til sjukdom hos menneske og gjere vatn dårleg egna for friluftsliv og som drikkevatn. Reglane om utbetring av avløpsanlegg er gitt for å hindre forureining og syte for at vi kan nytte vatnet til det vi ønskjer oss også i framtida.

## Dette gjeld

Dersom du eig ein bygning som ikkje har god nok reinsing av avløpsvatnet, har feil eller manglar, vil

- få endra vilkår i eksisterande utsleppsløyve
- få utsleppsløyve kalla tilbake
- få ein frist for når utsleppet er ulovleg eller bli pålagt å gjere tiltak for å hindre forureininga innan ein nærare frist

Dersom dette gjeld deg må du utbetre avløpsanlegget ditt i samsvar med dei nye vilkåra, eller du må søkje om nytt utsleppsløyve. For å få nytt løyve må du rekne med å gjere utbetringar. Alternativt må du stanse utsleppet eller gjere tiltak for å hindre forureining.

Krava er regulert i

- forureiningslova § 7 fjerde ledd
- forureiningslova § 18 bokstav 1-6 og tredje ledd
- forureiningsforskrifta §12-16 andre ledd

## Avløpsvatn og avløpsanlegg

Avløpsvatn er det vatnet som blir brukt inne i huset til toalett (svartvatn) og vaskevatn frå bad og kjøkken (gråvatn). Eit avløpsanlegg reinsar avløpsvatnet slik at det trygt kan sleppast ut i grunn eller til vatn, utan å forureine.

Det fins mange ulike avløpsanlegg. Kva for anlegg som kan byggjast hos deg må vurderast av fagkyndig og er avhengig av grunnforholda på tomta.

## Søknad om utsleppsløyve Søknadsplikt

Arbeid på eksisterande avløpsanlegg eller etablering av nytt utslepp er søknadspliktig etter både

- plan- og bygningslova § 20-1 første ledd
- bokstav a forureiningsforskrifta § 12-3

Søknaden må utarbeidast av fagkyndige. Du må derfor få eit godkjent føretak, til dømes konsulent, røyrleggar eller entreprenør, til å finne ut kva for løysing som passer på din eigedom. Føretaket kan sjølv svare på om dei er godkjent for denne type arbeid. Føretaket du vel syt for naudsynt dokumentasjon til bruk i søknaden. Søknaden skal godkjennast av kommunen før arbeidet vert sett i gong, og du skal ha eit skriftleg løyve.



Foto: Stange kommune

Eit avløpsanlegg som ikkje fungerer kan sjå slik ut.



STRYN KOMMUNE

## Saksbehandlingstid

Dersom søknaden blir levert fullstendig og i samsvar med gjeldande krav, skal den avgjerast av kommunen innan 6 veker. Høyrer du ingenting kan løyvet reknast som gitt etter 6 veker, men vi rår deg til å ta kontakt med kommunen før du set i gang arbeidet.

## Samarbeid med naboen

Det kan vere lurt å ta kontakt med dei næraste naboane dine. Kanskje dei også har problem med anlegget sitt eller har motteke det same brevet som deg. Ved å etablere eit felles anlegg kan de få ned kostnadene på etablering, drift og vedlikehald. Her kan det vere pengar å spare!

Dersom leidningsanlegget kjem til å røre ved naboegedomar eller bygningar, må du få løyve frå eigaren før arbeidet vert sett i gong. Rett til å ha leidning liggande og til å utføre vedlikehald på nabogrunn bør tinglysast hos Kartverket.

## Kostnader

Eigaren av eigedomen må sjølv betale utgiftene for å utbetre eige avløpsanlegg. Vi rår deg til å kontakte fleire godkjende føretak for å hente inn tilbud på arbeidet.

## Sakshandsamingsgebyr

Du må betale eit gebyr til kommunen for å få behandla søknaden om løyve. Gebyret i 2021 er på kr. 3.789,- kr for mindre anlegg.

## Ferdigattest

Når anlegget er ferdig bygd skal det føretaket som har søkt på vegne av deg spørje kommunen om ferdigattest. Ferdigattesten får du tilsendt i posten. Først når ferdigattest er gitt vil du ha eit gyldig utslepp og saka blir avslutta i kommunen.

## Vedlikehald av avløpsanlegg

Når avløpsanlegget er sett i drift, er det du som har ansvar for at det reinsar slik det skal. Alle avløpsanlegg treng jamleg tilsyn og vedlikehald. Du må derfor ha kjennskap om korleis anlegget fungerer. Godt vedlikehald kan forlenge levetida på anlegget. Det kan derfor vere vel anvendte pengar å setje bort denne jobben til ein fagkyndig.

Syt for at alle kumlok er sikra til ein kvar tid, slik at barn og andre ikkje kan falle ned i kummar.

## Meir informasjon

På [avlop.no](http://avlop.no) og kommunen si nettside [stryn.kommune.no](http://stryn.kommune.no) finn du meir informasjon. Du kan også kontakte kommunen på tlf 57 87 47 00 eller sende e-post: [postmottak@stryn.kommune.no](mailto:postmottak@stryn.kommune.no)



STRYN KOMMUNE